

PS 94/14 Kommunereforma og prosessen i Sykkylven kommune

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 15.12.2014

Behandlingsinformasjon:

Sykkylven AP la fram slikt nytt forslag til samansetjing av styringsgruppe og ressursgruppe:

1. Formannskapet, 1 rep. for SV og 1 rep. frå dei tillitsvalde er styringsgruppe for kommunereforma.
2. Det vert danna ei ressursgruppe på 7 – 9 personar som skal jobbe inn mot styringsgruppa
3. Ressursgruppa skal vere balansert høve alder, kjønn, unge, eldre og spegle mangfaldet i kommunen, og tillitsvalde skal vere representaret i gruppa
4. Rådmannen får i oppdrag å finne høvelege medlemer til ressursgruypa

Avrøysting:

Pkt. 1. Formannskapet sitt forslag fekk 18 røyster, Arbeiderpartiet sitt forslag fekk 11 røyster og fall.

Pkt. 2. Arbeiderpartiet sitt forslag til vedtak fekk 21 røyster, Formannskapet sitt framlegg fekk 8 røyster og fall.

Pkt. 3. Samrøystes som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Pkt. 4. Samrøystes som rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

1. Formannskapet er styringsgruppe for kommunereforma.
2. Det vert danna ei ressursgruppe på 7 – 9 personar som skal jobbe inn mot styringsgruppa
3. Ressursgruppa skal vere balansert høve alder, kjønn, unge, eldre og spegle mangfaldet i kommunen, og tillitsvalde skal vere representaret i gruppa
4. Rådmannen får i oppdrag å finne høvelege medlemer til ressursgruypa

Kommunestyret vil legge vekt på stor grad av medverknad i prosessen.

Styringsgruppa får i oppdrag å utforme aktivitetar ut frå behov og i samsvar med innhaldet i saka.

Hovudmøtepælar vert å fastsette i samarbeid med Sunnmøre Regionråd og KS for best muleg regional samordning av prosessen.